



## ØRSTA KOMMUNE

### MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Ørsta kontrollutval  
**Møtestad:** Ørsta rådhuset, Vartdalsfjord  
**Dato:** 03.02.2020  
**Møtet starta** Kl. 13.00  
**Møtet slutta** Kl. 16.00

#### Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon
Sven Castberg	Leiar.
Jetmund Øye	Nestleiar.
Tore Thon	Medlem.
Hilde Aambakk	Medlem. På Skype/høgttalande telefon
Sylvi Gulla Hovdenakk	Medlem.

#### Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
------	----------

#### Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for
------	-----------

#### Frå Vest kontroll//andre møtte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar.

#### Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møtte:

Namn	Stilling
Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef

#### Frå kommuneadministrasjonen og politisk leiing:

Namn	Stilling
Stein Aam	Ordførar. I sak 7/20.
Wenche Solheim	Rådmann. I sak 8/20

## **SAKLISTE**

- SAK 01/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 02/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 03/20 MELDINGAR
- SAK 04/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019
- SAK 05/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 06/20 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020
- SAK 07/20 ORDFØRAREN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR
- SAK 08/20 RÅDMANNEN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR
- SAK 09/20 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2019
- SAK 10/20 BUDSJETT INVESTERINGAR
- SAK 11/20 ORIENTERINGAR FRÅ RÅDMANNEN

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
01/20	033	14.01.2020	03.02.2020	KS

## GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLL

### Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sakene vert å behandle i denne rekkefølge grunna avtalt tid med ordførar og rådmann: 1, 2, 7, 8, 11, 3, 4, 5, 6, 9, 10,
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Jetmund Øye.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
02/20	049	14.01.2020	03.02.2020	KS

## GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 25.11.2019.

### Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 25.11.2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
03/20	033&17	23.01.2020	03.02.2020	KS

## MELDINGAR

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitende.

### Vedlegg

PowerPoint frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
04/20	033&58	14.01.2020	03.02.2020	KS

## GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2019

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

### Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Ørsta kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/orsta/dmb>  
og på [www.vor.no](http://www.vor.no)

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Administrasjonsutvalet	<b>05.12</b>			
Arbeidsmiljøutvalet	<b>07.10</b>	<b>04.12</b>		
Eldrerådet	<b>21.10</b>	<b>25.11</b>		
Formannskapet	<b>15.10</b>	<b>12.11</b>	<b>26.11</b>	
Formannskapet som klageutval				
Formannskapet som klageutval - for klientsaker og barnehageopptak				
Kommunestyret	<b>02.10</b>	<b>31.10</b>	<b>21.11</b>	<b>12.12</b>
Landbruksutvalet	<b>12.11</b>	<b>16.12</b>		
Levekårsutvalet	<b>25.09</b>	<b>13.11</b>	<b>04.12</b>	
Råd for likestilling av funksjonshemma	<b>23.10</b>	<b>28.11</b>		
Sakkunnig klagenemnd for taksering – av eigedomsskattobjekt	<b>06.11</b>			
Sakkunnig nemnd for taksering – av eigedomsskattobjekt	<b>24.10</b>			
Samfunnsutvalet	<b>24.09</b>	<b>22.10</b>	<b>03.12</b>	
Samfunnsutvalet som – trafikktryggingsnemnd				
Ungdomsrådet				
Valstyret				
Vilt- og innlandsfiskeremnda				
VØR IKS Styret	<b>18.09</b>	<b>12.11</b>		
VØR IKS Representantskapet	<b>08.10</b>	<b>16.12</b>		
VØR IKS Klageutvalet				
Retura Søre Sunnmøre AS				

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
<b>05/20</b>	033&58	16.01.2020	03.02.2020	KS

## GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2020

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.
2. Kontrollutvalet ber revisjonen utarbeide ansvarsoversikt/ansvarsrekneskap i samsvar sitt arbeid med revisjon av rekneskapen, dersom ikkje dette går fram av årsmeldinga eller årsrekneskapen.
3. Kontrollutvalet vil i neste møte ta standpunkt til fordeling av oppgåver i utvalet.

### Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenter finn ein på Ørsta kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/orsta/dmb>  
og på [www.vor.no](http://www.vor.no)

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Administrasjonsutvalet	
Arbeidsmiljøutvalet	
Eldrerådet	<b>13.01</b>
Formannskapet	
Formannskapet som klageutval	
Formannskapet som klageutval - for klientsaker og barnehageopptak	
Kommunestyret	
Landbruksutvalet	
Levekårsutvalet	<b>22.01</b>
Råd for likestilling av funksjonshemma	<b>14.01</b>
Sakkunnig klagenemnd for taksering – av eigedomsskattobjekt	
Sakkunnig nemnd for taksering – av eigedomsskattobjekt	
Samfunnsutvalet	<b>21.01</b>
Samfunnsutvalet som – trafikktryggingnemnd	
Ungdomsrådet	<b>23.01</b>
Valstyret	
Vilt- og innlandsfiskenemnda	
VØR IKS Styret	
VØR IKS Representantskapet	
VØR IKS Klageutvalet	
Retura Søre Sunnmøre AS	

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
<b>06/20</b>	033	16.01.2020	03.02.2020	KS

## MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet fastset møteplanen som framlegget: 02.03, 17.04, 25.05, 14.09, 12.10, og 23.11.
2. Møtet 17.04.2020 kan sløyfast dersom kommunereknesakpen ikkje kjem til behandling i dette møtet.

### Vedlegg

Detaljert møteplan for kommunen.

### Saksopplysningar

I 2020 er det i tillegg til 3. februar sett opp møte 2. mars, 17. april, 25. mai, 14. september, 12. oktober og 23. november.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
07/20	033	23.01.2020	03.02.2020	JS

## ORDFØRAREN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek den gjensidige orienteringa til vitende.

### I møtet

Ordføraren opplyste at han vil vere litt meir aktiv i alle kommunale utval, også i kontrollutvalet. Det er viktig at det vert teke kontakt med ordføraren når kontrollutvalet har saker i kommunestyret, dette for å få teke desse tidleg i møtet.

Ordføraren må melde frå til sekretariatet i god tid før møtet. dersom han har saker som han ynskjer orientere om i kontrollutvalet. Dette for at det skal setjast opp sak og tid i møtet.

Det vert elles vist til punkta i saksutgreiinga vart gått igjennom.

### Saksopplysningar

- Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet, jf. kommunelova § 6-1, 3 ledd. Dette gir eit signal om ordføraren sitt tilhøve til utvalet og deltakinga der.
- Spørsmålet er om ordføraren har tenkt å møte og om han har høve til å møte i alle og i heile møta.
- Dersom ordføraren ikkje har høve å møte i heile møtet er det greitt å få avklara til kva tid han kan vere der av omsyn til saklista.
- Det er greitt å setje opp saker han bør delta på, i møte vi veit at han kan kome. At ordførar er til stades i saker som utvalet behandlar, som skal til kommunestyret, kan og vere viktig av omsyn til innsikta i sakene og behandlinga der.
- Kontrollutvalsleiar bør få tid i kommunestyremøta til å innleie/orientere om saker som vert lagt fram av kontrollutvalet.
- Saker frå kontrollutvalet bør setjast opp tidleg i møtet slik kontrollutvalsleiar, sekretariat og revisor ikkje treng vere til stades i heile møtet i kommunestyret.
- Ordførar bør sjå til at uttalen på rekneskapen frå kontrollutvalet til kommunestyret følgjer heile saksgangen.
- Ordførar bør sjå til at det er kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for kontrollordninga som vert lagt fram for kommunestyret (ikkje endra på av administrasjonen eller formannskapet)
- Ordførar bør vidare sjå til at saker som skal gå direkte frå kontrollutvalet til kommunestyret ikkje er gått til behandling i formannskap eller andre utval (forvaltningsrevisjonsrapportar, særskilde rapportar bestilte av kontrollutvalet, budsjett, plan for forvaltningsrevisjon og plan for /eigarskapskontroll (selskapskontroll)
- Andre tilhøve som kontrollutvalet og ordførar ynskjer å ta opp.

Eit godt tilhøve mellom kontrollutval og ordførar er viktig ikkje minst for å eit godt omdøme for kommunen. Ein må vere klar over at det kan oppstå usemje om ei sak – måten ein løyser slikt på er viktig for kommunen sitt omdøme.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
08/20	033	23.01.2020	03.02.2020	JS

## **RÅDMANNEN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek den gjensidige orienteringa til vitende.

### **I møtet**

Rådmannen må melde frå til sekretariatet i god tid før møtet. dersom han har saker som han ynskjer orientere om i kontrollutvalet. Dette for at det skal setjast opp sak og tid i møtet.

Når kontrollutvalet ynskjer orienteringar frå tilsette skal ein gå igjennom rådmannen/kommunedirektøren for å kalle desse inn.

For orientering frå rådmannen om ulike tilhøve/saker er det ho som avgjer om ho sjølv skal orientere eller om ho sender ein annan.

Kontrollutvalet må vere tydligare i spørsmål som rådmannen/kommunedirektøren skal gi tilbakemelding på, og vil då vere punktleg på tilbakemeldinga.

Det vert elles vist til punkta i saksutgreiinga vart gått igjennom.

I denne saka, utan at det hadde direkte med rådmannen å gjere, kom kontrollutvalet inn på val til medlemmer i kontrollutvalet. Det bør drøftast, til neste val, at fleirtalet i kontrollutvalet bør kome frå opposisjonen. Resultatet eller kommunestyret si meining bør kome fram i eit reglement for kontrollutvalet.

### **Saksopplysningar**

- Rådmannen har ikkje møte- og talerett i kontrollutvalet, slik som ordføraren.
- Det kan likevel vere ynskjeleg at rådmannen er med i enkelte møte eller deler av møta, då i spesielle saker.
- Det bør vere slik at rådmannen får høve til å gi informasjon, generell og spesielt i kontrollutvalsmøta. Då bør han gi signal om dette i rimeleg tid før møta, slik ein får setje det opp på saklista. Gjerne gi opp tidspunktet han kan kome.
- Rådmannen bør og ta seg tid til å kome å orientere etter oppmoding frå kontrollutvalet/leiar/sekretariat.
- Rådmannen har sjølv høve til å avgjere om han sjølv orienterer, han har med seg nokon til å gjere det eller sender nokon.
- I ein del høve ynskjer kontrollutvalet orientering av ein bestemt person,. Er det det då greitt at kontrollutvalet v/sekretariatet kontaktar denne direkte (m/evt. kopi/melding til rådmannen) eller vil rådmannen at innkallinga skal gå gjennom han.
- Vi snakkar heile tida om ein god dialog.
- Ein må vere klar over at det til tider vil kom opp saker der det er usemje om, i om med at det er ulike roller. Det er viktig at alle har klart for seg at det dreier seg då om den enkelte saka og ikkje må få følger ein elles gode dialog i andre saker.

- Andre tilhøve som kontrollutvalet og rådmannen ynskjer å ta opp.

Eit godt tilhøve mellom kontrollutval og rådmann er viktig, ikkje minst for å eit godt omdøme for kommunen. Ein må vere klar over at det kan oppstå usemje om ei sak – måten ein løyser slikt på er viktig for kommunen sitt omdøme.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
09/20	033	23.01.2020	03.02.2020	JS og KS

## ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2019

### Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2019 til vitende.

### Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2019. Utarbeidd av Vest Kontroll.

### Saksopplysning

Viser til vedlagd årsmelding for kontrollutvalet 2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
10/20	151&96	24.01.2020	03.02.2020	JS

## BUDSJETT INVESTERINGAR

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet ber rådmannen utarbeide oversikt over alle investeringsprosjekt over 1 million siste tre åra. Opprinneleg budsjett, tilleggsøyvingar og finansiering må gå fram for kvar prosjekt. Oversikta bør ligge føre innan 20.02.2020.
2. Kontrollutvalet tek standpunkt til om det kan vere grunnlag for ein forvaltningsrevisjon/kontroll på området når oversikta, jf. pkt.1, ligg føre.

### Vedlegg

### Saksopplysningar

Sekretariatet har fått innspel om at ein bør sjå på kostnadssprekk i budsjettet og særleg på investeringar/byggeprosjekt. Det som kjem fram er at det i svært mange tilfelle må til ekstraløyving for å få fullført prosjekta.

Dersom kontrollutvalet vil prioritere at dette skal ein sjå nærare på, bør ein i første omgang be rådmannen/administrasjonen leggje fram ei oversikt over alle investeringsprosjekt for dei siste tre åra der opprinneleg budsjett går fram og kva som er gitt i tilleggsøyving for å fullføre prosjekta. Når oversikta ligg føre kan ein ta standpunkt til om det er grunnlag for vidare undersøkingar for eksempel ein forvaltningsrevisjon på området. I så fall bør det vurderast I samband med overordna analyse/plan for forvaltningsrevisjon for inneverande val-/planperiode. Ei slik plan skal basertast på overordna analyse, og behaldlast i kontrollutvalet som gir innstilling til kommunestyret for endeleg vedtak.



<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
11/20	030&18	24.01.2020	03.02.2020	JS

## **ORIENTERINGAR FRÅ RÅDMANNEN**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet ber om at rådmann orienterer kommunestyret med kopi til kontrollutvalet når ho avklaring om KS gjer noko i saka for å få endra lovverket vedkomande kravet til leirskuleopphald.

### **I møtet**

#### Lekkasje vatn og avløp

Rådmannen opplyste at det kontinuerlig vert jobba med å finne lekkasjane i vassledningane, særleg dei i Vikegeila.

#### Byggerekneskap Tømmerkais/djupvasskaia

Rådmannen opplyste at den vert sendt over til behandling i kontrollutvalet i løpet av våren.

#### Leirskule

Rådmannen opplyste at kommunestyret er klar over at alt i samsvar med lovverket i 2020.

Totalt sett meiner kommunen at noverande ordning er den beste og den vert følt i 2020 – så vil ein etter kvart imøtekome lovverket etter kvart.

Det vart opplyst at det er mange kommunar og KS som meiner at vedteke regelverk ikkje er bra. Ordførar og rådmann ville undersøke om KS tek opp utfordringa med å få endra lovverket.

### **Vedlegg**

Skriv om Lovfesta tilbod om leirskuleopphald.

### **Saksopplysningar**

Det er kome skriv om Lovfeta tilbod om leirskuleopphald og opplysningar.

I høve forvaltningsprosjektet vatn og avløp vart det stilt spørsmål om det var stor lekkasje eller om det kunne vere feil ved berekning / stipulert forbruk per bustad.

Det vart visst opplyst av svinnet var pga. lekkasjar i Vikegeila?

Det må vere interessant å få oppdaterte opplysningar.

Orientering om status byggerekneskap for Tømmerkaia/Djupvasskaia.

Rådmannen er oppmoda om å orientere i møtet.

### **Møtet slutt.**

Sven Castberg  
- leiar -

Jetmund Øye  
-medlem-

**Møteprotokollen går til:**

Kommunestyret som melding.

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.

Ordfører til orientering.

Rådmann til orientering.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.